



## Notat

Dato: 16.11.2016  
Arkivsak: 2016/412-29  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om ferjekapasiteten på sambandet Kvanndal - Utne

Representanten Nils Bjørke har sendt inn følgende spørsmål på e-post 28.oktober 2016:

*Spørsmål til Misa møte 3 november .*

*Situasjonen for ferja Utne- Kvanndal skapar store frustrasjonar, Ved stenginga av vegen på vestsida skulle det setjast inn ekstraferg , Denne har vorte utsett gong etter gong, dei reisande føler dei vert Haldne for norr, Har det vorte gjort nok for å skaffa ekstra ferje?  
Kva kan gjerast for å betra kapasiteten på litt lengre sikt?*

I møtebok for Miljø og samferdsel 3. november 2016 er det det teke inn oversending om same sak frå representanten Marthe Hammer (Sv):

**«Ferjekapasiteten på sambandet Utne-Kvanndal.**

*Dagleg står det bilar att, folk veit ikkje om dei kjem med. Nyeferja "Utne" tek 40 bilar eller 4 trailerar, og når den er full, vaskar sjøen bildekket. I tillegg er Rv 13 stengd ved Deildo for tida - så desse vekene er akutte. Men kapasiteten er for liten på jamnen - 2-3 gonger dagleg står det bilar att - både i Kvanndal og på Utne.*

- 1. Kva kan gjerast på kort og lang sikt for å betra tilhøva?*
- 2. Kva er avtalen med ferjeselskapet og kva er deira ansvar i høve til å få trafikken unna?*
- 3. I dag kom "Fitjar" og såleis er kapasiteten truleg på plass denne veka, men kvifor to ferjer og to mannskap, når konsesjonen til denne ferjestrekningen er gitt til ei ferje som Hardingen, som har større kapasitet?»*

Ferjesambandet Kvanndal – Utne har vore og er påverka av ulike vegarbeid i indre Hardanger og spesielt stengd veg på Rv 13 ved Deildo. For ferjedrift er det på generelt grunnlag vanskelig å fristilla ferjer på kort varsel med omsyn til planlegging og gjennomføring av blant anna verkstadsopphald. Då endeleg varsel om stengd Rv 13 kom frå Statens vegvesen var det dessverre ikkje mogleg å frigjere ekstra ferje for å kunne køyre ekstra avgangar frå og med veke 42. Frå og med veke 44 vart reserveferja MF «Fitjar» sett inn som ekstraferje, og etter dette har det vore få tilfelle av attståande bilar.

I samsvar med kontakten skal operatør køyre rutetabell som bestilt og med kapasitet som angitt i kontrakten. Dersom det er behov for endringar i rutetilbodet eller i kapasiteten som følgje av for eksempel stengd veg må dette bestillast særskilt av Skyss. Innanfor kontrakten er det høve til å bestille varige endringar i kapasitet gjennom å bestille endringar i rutetilbodet gjennom endra opningstid eller tal avgangar med dagens ferjemateriell, eller ein kan bestille endringar i kapasitet ved å endre ferjemateriell. Tidspunkt for endring av auka rutetilbod med dagens ferjemateriell avheng av blant anna tilgang på mannskap. Endring av ferjemateriell medfører ein større endring av kontrakten der økonomiske konsekvensar må løysast gjennom forhandlingar. Ein er også avhengig av at det fins løysningar med alternative fartøy, og at størrelsen på den økonomiske konsekvensen er innanfor kontraktens rom for endringar.